

**Til stades:** Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien – nestleiar, Kristian Hanto - nestleiar, Kjellbjørn Karsrud, Thomas Nilssen, Tormod Kleiveland, Torfinn Hofstad

Ole Erik Feragen – 1.vara,

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar, Liv Annette Nygjerdet – tilsettes representant. Live Visdal under sakene 19-21, Ann Helen Erichsen under sak 15 (digitalt), Jorun Hagen under sakene 19, 26, 27 (digitalt), Jostein Årdal under sak 30 (digitalt)

I tillegg deltok Ane Carmen Roggen og Asgaut Bakken frå Riksscenen under sak 15 (digitalt)

**Tid:** Torsdag 9.mars kl.11-18, fredag 10.mars kl.09.00-16.00

**Stad:** Lom

## Sakliste

Styresak 2023/13	Innkalling og sakliste
Styresak 2023/14	Orienterings-, drøfting- og referatsaker
Styresak 2023/15	Evaluering av Folkelarm
Styresak 2023/16	FolkOrgs lokallagspris
Styresak 2023/17	Revidering av retningslinjer for årets folkemusikkarrangør
Styresak 2023/18	Utnevnning av heidersmedlem i FolkOrg
Styresak 2023/19	Retningslinjer for konsertbilletter på våre arrangement til heidersmedlemmer i FolkOrg
Styresak 2023/20	Styrets deltaking på Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk
Styresak 2023/21	Regler for presseakkreditering på LK og LF
Styresak 2023/22	Landsmøtesak om rekneskap 2021
Styresak 2023/23	Årsmelding 2022
Styresak 2023/24	Landsmøtesak om rekneskap 2022
Styresak 2023/25	Landsmøtesak om satsing på yrkesutøvarar.
Styresak 2023/26	Landsmøtesak om endring av c-klassane
Styresak 2023/27	Landsmøtesak om endring av ungdomsombgrepet på medlemsskap.
Styresak 2023/28	Landsmøtesak om leigesum på Landskappleiken
Styresak 2023/29	Landsmøtesak om endring i §§ 12 og 13 i vedtektene
Styresak 2023/30	Landsmøtesak om Folkemusikk - vidare utvikling av magasinet og folkemusikk.no
Styresak 2023/31	Landsmøtesak om Nye retningslinjer for eit trygt sosialt miljø og nye rutinar ved varsling om seksuell trakassering, diskriminering og maktmisbruk
Styresak 2023/32	Landsmøtesak om langtidsplan med særskilde satsingar
Styresak 2023/33	Revidert budsjett 2023
Styresak 2023/34	Budsjett 2024
Styresak 2023/35	Budsjett 2025
Styresak 2023/36	Diverse Landsmøte
Styresak 2023/37	Eventuelt

## **Styresak 2023/13 Innkalling og sakliste**

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend

### **Styresak 2023/14 Orienterings-, drøfting- og referatsaker**

- a) Rådgeving, opplæring, service:
  - a. Har gjeve rådgeving til arrangørar av lokal- og fylkeskappleik, oppretta påmelding og gitt dei opplæring i kappleikadmin
  - b. Vi har hatt besøk av landslina i folkemusikk på Vinstra, der vi fortalte om organisasjonen og dei tilsette fortalte om sine ansvarsområder
  - c. Vi har informert medlemmer om støtteordningane KOMP og Frifond kompetanse og aktivitet.
  
- b) Formidling og arrangement – oppsummering:
  - a. Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk
    - i. Har fått svar frå Det Kongelege Slott om tildeling av to kongepokalar (eldre folkemusikkinstrument og halling) på Landskappleiken.
    - ii. Arbeidet med dommarar er nesten i mål.
    - iii. Diverse oppfølging av arrangørane
    - iv. Informasjons- og designarbeid for årets og neste års arrangørar.
    - v. Utvikling av ny app for kjøp av campingplassar
  - b. Folkelarm
    - i. Vi har tilsett Ann Helen Erichsen som prosjektleiar for Folkelarm og rådgjevar for yrkesutøvarar.
    - ii. Har lagt klare alle filmane frå showcase til speleliste på YouTube, klart til å sende til delegatar etc.
    - iii. Nettsida er rydda på nettsida og gjort klart for ny utlysing av showcasar.
  
- c) Informasjon og opplysning – oppsummering
  - a. Folkemusikk/folkemusikk.no
  - b. Folkorg.no/anna informasjonsarbeid
    - i. Vi har vore i møte med 17.mairedaksjonen i NRK fjernsyn, med tanke på å få folkemusikk og markering av jubileet inn i 17.mai-sendinga deira. Det var eit positivt møte, der dei sa dei i alle fall skulle få med noko.
    - ii. Ein god del grafisk arbeid, annonsering og informasjon på sosiale media.
  
- d) Påverknad/samarbeid – oppsummering
  - a. Camilla Granlien deltok på scenariorverkstad der Den kulturelle skolesekken og Kulturtanken vart evaluert.

- e) Særskilde satsingar – oppsummering
  - a. Lag og medlemmer
  - b. Informasjon, formidling, dokumentasjon
    - i. Opninga av jubileumsåret og Folkemusikkens og folkedansens år vart gjennomført 10. februar. Kulturminister Anette Trettebergstuen stod for den offisielle opning og Oslo kommune var representert ved Abdullah Alsabeegh.
    - ii. Arbeidet med jubileumsboka følgjer plan.
    - iii. Søkt tilskot til jubileumsåret
    - iv. Igangsett etterarbeid med Jubileumsslåtten, som skal spelast inn 5. mars og arrangerast for store og små ensembler av Ronny Kjøsen.
    - v. Ferdigstilt webversjonen av kalenderen, som har fått domenet [www.folkarr.no](http://www.folkarr.no), for at denne skal leve etter jubileumsåret og. Det er klart for at arrangørar kan registrere arrangementa sine via skjema.

Vedtak: Styret tek orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering.

### **Styresak 2023/15 Evaluering av Folkelarm**

Ane Carmen Roggen og Asgaut Bakken frå Riksscena deltok i delar av evalueringa og kom med innspel.

Vedtak: Styret tek evalueringa til vitande og kom med innspel som vi tek med arbeidet vidare

### **Styresak 2023/16 FolkOrgs lokallagspris**

Saken vart ikkje ferdigbehandla og blir tatt opp at i eit ekstra digitalt møte.

### **Styresak 2023/17 Revidering av retningsliner for årets folkemusikkarrangør**

Vedtak:

- a) Framlegg til retningsliner for årets folkemusikkarrangør vart vedteke, men styret ber om at vi i skjemaet legg til at om ein ikkje har opplysningane vi ber om, kan dei likevel sende inn framlegg.
- b) Prisen lysast ut før sommaren, med frist på hausten.
- c) Prisen delast ut på Folkelarm kvart år.
- d) Vi sender ut ei kort undersøking til alle arrangørane i nettverket kvart år, der vi spør om billettsal, tal på konsertar og liknande relevant fakta. Den informasjonen kan vere til hjelp i handsaminga av framlegg til årets folkemusikkarrangør og til kulturpolitisk arbeid.

### **Styresak 2023/18 Utnemning av heidersmedlem i FolkOrg**

Vedtak: Styret utnemner Amund Bjørgen og Sigvald Rørlien til heidersmedlem i FolkOrg.

Eit av styremedlemmene avstod frå å stemme, då medlemmet meinte vi skal utnemne berre eit heidersmedlem i året.

### **Styresak 2023/19 Retningsliner for konsertbilletter på våre arrangement til heidersmedlemmer i FolkOrg**

Vedtak: Retningsliner for konsertbilletter til våre heidersmedlemmar blir:

#### **Retningsliner for konsertbilletter til FolkOrg sine heidersmedlemmar:**

- Heidersmedlemmar med følge har krav på fri gjennomgang på alle av FolkOrg sine arrangement (Folkelarm, Meisterkonserten i Operaen og andre hendingar gjennom året. Heidersmedlem som bur der landsmøtet vert arrangert, får saman med fylgje også invitasjon til landsmøtemøtemiddagen).
- Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk:
- Lokal arrangør skal reservere gode plassar til heidersmedlemmar og fylgje, både på tevling og konsertar under kappleiken/festivalen
- Lokal arrangør skal dekkje gjennomgangsbillett til heidersmedlem og fylgje
- FolkOrg skal dekkje konsertbilletter til heidersmedlemmar og fylgje, men til maksimum to konsertar per landskappleik og landsfestival.
- Merknad om følge:  
Som følge får ein fri gjennomgang berre i følge med heidersmedlem. Viss heidersmedlem er sjuk og ikkje kan stille på planlagt hending, får ikkje følge fri gjennomgang. Når heidersmedlem går bort, har følge ikkje lenger rett på fri gjennomgang.

**Styresak 2023/20 Styrets deltaking på Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk**

Vedtak:

Styret er representert med disse under Landskappleiken i Lom:

1. Hilde Reitan
2. Camilla Granlien
3. Kristian I. Hanto
4. Thomas Nilssen
5. Tormod Kleiveland

Styret er representert med disse under Landsfestivalen i gammaldans i Førde:

1. Hilde Reitan
2. Tormod Kleiveland
3. Thomas Nilssen
4. Nytt styremedlem eller vara

**Styresak 2023/21 Regler for presseakkreditering på LK og LF**

Vedtak:

På bakgrunn av drøftingar i styret lagar administrasjonen framlegg til endeleg reglement som så vert godkjent før publisering.

**Styresak 2023/22 Landsmøtesak om rekneskap 2021**

Vedtak: Merknader til rekneskap 2021 vart godtekne, med nokre små strukturendringar.

**Styresak 2023/23 Årsmelding 2022**

Vedtak: Styret godkjenner framlegg til årsmelding for 2022.

**Styresak 2023/24 Landsmøtesak om rekneskap 2022**

Vedtak: Framlegg til merknader til rekneskap 2022 vart godkjend, med nokre små strukturendringar.

**Styresak 2023/25 Landsmøtesak om satsing på yrkesutøvarar.**

Vedtak: Administrasjonen arbeider vidare med saksframlegget ut frå signala i styret, og legg det fram til styret for endeleg godkjenning.

**Styresak 2023/26 Landsmøtesak om endring av c-klassane**

Vedtak: Framlegg til landsmøtesak om endring av c-klassane vart godkjend, men framlegg til vedtak blir: Styret i FolkOrg rår landsmøtet i frå å vedta framlegga som er sendt inn.

**Styresak 2023/27 Landsmøtesak om endring av ungdomsomgrepet på medlemsskap.**

Vedtak:

Framlegg til landsmøtesak om endring av ungdomsomgrepet på medlemsskap blir godkjend, men styret berre ha eit framlegg til vedtak:

Innføring av ny medlemskontingent for ungdom mellom 18 – 26 og auka kontingent for vaksne der kontingenten er gjeldande frå 2024.

- Barn		kr. 100,-	
- Ungdom	(18 – t.o.m. 26 år)	kr. 200,-	
- Vaksne		kr. 370,-	(auka frå kr. 320,-)

Dette medfører ei endring av landsmøtevedtaket frå 2021.

**Styresak 2023/28 Landsmøtesak om leigesum på Landskappleiken**

Vedtak: Administrasjonen arbeider vidare med saksframlegget ut frå signala i styret, og legg det fram til styret for endeleg godkjenning. Framlegg til vedtak skal vere: Styret rår landsmøtet frå å gjere endringar i dagens leigeavtale.

**Styresak 2023/29 Landsmøtesak om endring i §§ 12 og 13 i vedtektene**

Vedtak: Framlegg til landsmøtesak om endring i §§ 12 og 13 i vedtektene vart godkjend.

**Styresak 2023/30 Landsmøtesak om Folkemusikk - vidare utvikling av magasinet og folkemusikk.no**

Vedtak:

- Styret løfter ikkje sak om Folkemusikk til landsmøtet, men nyttar ein del av seminarprogrammet til ein verkstad der problemstillingar kring Folkemusikk blir tema og deltakarane kan gi innspel til styre og administrasjon om kva dei meiner om vidare utvikling.
- FolkOrg arbeider vidare med digitalisering og endring av abonnementsstruktur, og vidareutvikling av Folkemusikk.

**Styresak 2023/31 Landsmøtesak om Nye retningslinjer for eit trygt sosialt miljø og nye rutinar ved varsling om seksuell trakassering, diskriminering og maktmisbruk**

*Vedtak: Framlegg til landsmøtesak om Nye retningslinjer for eit trygt sosialt miljø og nye rutinar ved varsling om seksuell trakassering, diskriminering og maktmisbruk vart godkjend.*

**Styresak 2023/32 Landsmøtesak om langtidsplan med særskilde satsingar**

*Vedtak: Styret godkjenner langtidsplan med særskilde satsingar og framlegg til landsmøtesak om same tema.*

**Styresak 2023/33 Revidert budsjett 2023**

*Vedtak: Framlegg til revidert budsjett 2023 blir lagt fram for godkjenning på landsmøtet 2023.*

**Styresak 2023/34 Budsjett 2024**

*Vedtak: Framlegg til budsjett 2024 blir lagt fram for godkjenning på landsmøtet 2023.*

**Styresak 2023/35 Budsjett 2025**

*Vedtak: Framlegg til budsjett 2025 blir lagt fram for godkjenning på landsmøtet 2023.*

**Styresak 2023/36 Diverse landmøtet**

*Vedlegg: Saksnotat 2023/36*

*Framlegg til vedtak:*

*a) Fordeling av presentasjon av landsmøtesaker blir slik:*

**Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste** - Hilde Reitan

**Sak 2 Namneoppdrag og godkjenning av fullmakter** - Linda Dyrnes

**Sak 3 Val av møteleiar og protokollførarar** - Hilde Reitan

**Sak 4 Val av to til å skrive under protokollen, redaksjonskomité og teljekorps** - møteleiarar

**Sak 5 Årsmelding 2021 for FolkOrg** - Hilde Reitan

**Sak 6 Rekneskap 2021 for FolkOrg** - Linda Dyrnes

**Sak 7 Årsmelding 2022 for FolkOrg** - Hilde Reitan

**Sak 8 Rekneskap 2022 for FolkOrg** - Linda Dyrnes

- Sak 9 Melding frå tilsynsnemnda** - Tilsynsnemnda
- Sak 10 Satsing på profesjonelle utøvarar (innsendt av Lene Furuli og Åshild Vetrhus)** - Camilla Granlien
- Sak 11 Oppdeling av C-klassane (innsendt av Fossegrimen Folkemusikklag)** - Thomas Nilssen
- Sak 12 Utviding av ungdomsombudet på medlemsskap (Innsendt av Flatlusa spelemannslag)** - Torfinn Hofstad
- Sak 13 Leigesum for Landskappleiken (innsendt av Anders Lunden Herfoss)** - Tormod Kleiveland
- Sak 14 Vedtekter: klargjering av kven som gjer tilsetningar i administrasjonen** - Kjellbjørn Karsrud
- Sak 15 Nye retningslinjer for eit trygt sosialt miljø og nye rutinar ved varsling om seksuell trakassering, diskriminering og maktmisbruk** - Tormod Kleiveland
- Sak 16 Langtidsplan for FolkOrg, med særskilde satsingar for perioden** - Kristian Hanto
- Sak 17 Fastsetjing av medlemspengar** - Kjellbjørn Karsrud
- Sak 18 Revidert budsjett 2023** - Hilde Reitan
- Sak 19 Budsjett 2024** - Hilde Reitan
- Sak 20 Budsjett 2025** - Hilde Reitan
- Sak 21 Oppnemning av revisor** - møteleiarar
- Sak 22 Val** - Valnemnda

- b) *Thomas Nilssen skal vere kjøkemeister under middagen*
- c) *Thomas Nilssen og Kjellbjørn Karsrud organiserer og gjennomfører ein verkstad for deltakarane laurdag føremiddag.*

### **Styresak 2023/37 Eventuelt**

- a) Eit kor som ønskjer å delta i open klasse på Landskappleiken 2023 spør om det er mogleg å få unntak på medlemsskap og rabatt på påmeldingsavgift. Styret vedtok at vi ikkje gir unntak på kravet om medlemsskap og kvantumsrabatt på påmeldingsavgift ved deltaking på Landskappleiken.
- b) Styreleiar orienterte om at Kristian Hanto blir konstituert som dagleg leiar, i samarbeid med Hilde Reitan, i tida mellom at dagens daglege leiar sluttar og ny byrjar.